

1. Kva tal skal stå i den tomme ruta?

$$142 \cdot \square = 852$$

(A) 1

(B) 3

(C) 5

(D) 6

(E) 8

Vis korleis de tenkjer her:



2. Dei svarte boksane dekkjer eit tosifra og eitt einsifra tal som skal multipliserast. Same siffer skjuler seg bak alle dei tre boksane.

$$\blacksquare \blacksquare \cdot \blacksquare = 176$$

Kva siffer må det vere dersom denne multiplikasjonen skal vere riktig?

(A) 9

(B) 8

(C) 7

(D) 6

(E) 4

Vis korleis de tenkjer her:



3. Du har fire tal: 3, 4, 5 og 6. Når desse blir multiplisert med kvarandre får du 360.
Du skal gjere eitt av tala 1 mindre.

Kva for eitt av de fire tala må du gjere 1 mindre for at produktet skal bli minst mogleg?

(A) 6

(B) 5

(C) 4

(D) 3

(E) Spiller ingen rolle

Vis korleis de tenkjer her:



4. I multiplikasjonen nedanfor blir alle sifra frå 1 til 9 brukt nøyaktig berre ein gong.
Fire av dei er allereie nytta i svaret.

$$\begin{array}{|c|c|c|} \hline & Y & \\ \hline \end{array} \cdot \begin{array}{|c|c|} \hline & \\ \hline \end{array} = 7632$$

Kva siffer skal stå på plassen til Y?

(A) 1

(B) 4

(C) 5

(D) 8

(E) 9

Vis korleis de tenkjer her:



5. Paul ønska å multiplisere eit heilt tal med 301, men han gløymde 0 og multipliserte med 31 i staden. Han fekk svaret 372.

Kva resultat skulle han egentleg ha fått?

(A) 3010

(B) 3612

(C) 3702

(D) 3720

(E) 30720

Vis korleis de tenkjer her:



6. Ti kort nummerert frå 0 til 9 låg på eit bord. Jon trekte tre kort, George fire og Ann tre. Jon ganga tala på korta sine med kvarandre. Det same gjorde George og Ann. Jon fekk 0, George fekk 72 og Ann fekk 90 til svar. Jon legg saman tala sine.

Kva tall får Jon da?

A row of ten cards, each with a number from 0 to 9. The cards are arranged in a single row and are slightly overlapping. The numbers are 0, 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9.

(A) 11

(B) 12

(C) 13

(D) 14

(E) 15

Vis korleis de tenkjer her:

